

KORLEIS BLI EIN TRYGG KLUBB?

Om arbeidet rundt temaet alkohol,
retningslinjer og klubbaktivitetar



“EIT GODT KLUBBMILJØ STARTAR I KLUBBLEIINGA OG TRENARAPPARATET. HER BLIR GRUNNLAGET LAGT FOR Å BYGGJE GOD KULTUR I KLUBBEN OG SKAPE TRIVSEL BLANT MEDLEMMENE, OG DET ER HER ANSVARET FOR Å TA VIKTIGE DISKUSJONAR MÅ LIGGJE. KVA KAN KLUBBEN GJERE?”

1 TA DISKUSJONEN OG UTARBEID RETNINGSLINJER

Korleis vil vi ha det? Kva verdiar og haldningar ønskjer vi å overføre til utøvarane? Kva gråsoner finst det i klubben vår?

Her er nokre døme på situasjonar der det kan oppstå problem som følgje av alkoholbruk:

- Utøvarar på tur
- Trenarar og leiarar på tur
- Føresette eller andre vaksne som reiser med klubben
- Leiarar som representantar for klubben
- Festar, avslutningar og andre sosiale arrangement i klubbregi
- Festing som påverkar prestasjonen til utøvarar over 18 år

Det er lurt å bli einige på førehand om kva konsekvensar det skal få å bryte retningslinjene. Det er viktig å vere tydeleg og unngå forskjellsbehandling. Dersom det er tilfelle som ikkje er omtalte i alkoholpolitikken til klubben, tilrår vi å løyse problemet ved hjelp av dialog, ikkje sanksjonar.




2 FORANKRE RETNINGSLINJENE

La retningslinjene vere ein del av sportsplanen eller klubbhandboka til klubben. Dei må vere forankra i styret og blant trenarar og andre med nøkkelroller. Trenarar og leiarar er førebilete og bør opptre som det i all klubbregi.

- Diskuter temaet og konsekvensar ved brot på retningslinjene med trenarar og leiarar før reiser.
- Temaet alkoholbruk bør takast opp på møte med dei eldre utøvarane minst éin gong kvart år. Her kan de gå igjennom retningslinjene til klubben og gruppa. Forklar kvifor dette er viktig, og kva sanksjonar de har. Det kan òg vere nyttig å snakke om korleis alkoholbruk påverkar idrettsprestasjonane.
- Informer om og diskuter alkoholpolitikken til klubben på møte med dei føresette. Snakk om grunnlaget og retningslinjene og om korleis dei blir handheva i praksis. Legg særleg vekt på føresette som er med på treningsleir, stemne og liknande.
- Synleggjer retningslinjene på nettsidene til klubben og del dei ut til nye medlemmer og dei føresette.
- Bli ein Sjø & bli sett-klubb og vis fram at klubben er ein positiv og trygg stad for barn og unge å vere.
- Gå igjennom retningslinjene kvart år og oppdater dei ved behov.



Å LAGE RETNINGSLINJER ER LETT - UTFORDRINGA ER Å FØLGJE DEI



SE & BLI SETT

På **seogblisett.no** finn de nyttige hjelpemiddel for å diskutere kva retningslinjer de ønskjer å innføre om alkoholbruk, og korleis de kan involvere og informere alle i klubben. **Lykke til!**

AV·OG·TIL

Sjå & bli sett er utvikla av alkovevttorganisasjonen AV-OG-TIL. Saman med Noregs idrettsforbund og særforbund jobbar vi for at idretten skal vere ein trygg arena for barn og unge.